# Læringsverkstad

Trivselsvaktmeister i tverrfagleg team

NAV Kvam Vestland



28. oktober 2024 // Sigrid-Karin Dolve, Lena Tonning og Sara Sandven-Burnett

# Kven er me?



SIGRID-KARIN DOLVE



LENA TONNING



SARA SANDVEN-BURNETT

# Kvam herad

- 8501 innbyggjarar
- Areal 617 km2
- 5 tettstadar langs fjorden




- Nav Kvam er eit kontor med 21 tilsette

# Prosjektgruppa






NAV Kvam:
flyktning- og sosialtenesta, bustadkoordinator og prosjektmedarbeidarar

FDV:
forvaltning for drift og vedlikehald

ROP:
avdeling for rus og psykisk helse



# Bustadsosialt arbeid, kva er det?



Medmenneske?

Vaktmeister?

Sosialarbeidar?

Helsearbeidar?

Koordinator?

Brannførebyggjar?

Flyttebyrå?

Reinhaldar?

Administrator?

Sil/buffer?

Logistikkarbeidar?


Årlege branntilsyn

# Bilete fjerna av omsyn til leigebuarar

På denne sida viser me bilete av kva me kan finne på innsida av bustadane når me er på branntilsyn.

Bilete 1: Sekkar og posar på golvet, litt laust avfall synleg mellom posane. Viser at leigebuar gjer forsøk på å kvitte seg med avfall, men kjem ikkje i mål med å få det ut. Avfall hopar seg opp inne i buområdet.

Bilete 2: Kjøken med mykje rot, panner, tallerkar, koppar, glas, bestikk. Kjøkengardiner som varmar seg på panelomn, overfylt av saker og pyntegjenstandar. Ser kvitlauk, krydder, fransk sennep og andre ting som viser at leigebuar likar å lage god mat, verdset dette, men klarar ikkje å halde orden på eit forsvarleg nivå.

Bilete 3: Koketopp med tre synlege panner, ei panne med kvitt vatn i. Eggeskal på koketopp attmed panna. Eit lite askebeger på koketopp, oske og ca 100-110 sigarettsneipar på koketopp. Her var det tydeleg at leigebuar røykte under ventilator sidan det ikkje var lov å røykje inne. Effekten av ventilator på lukt var minimal då det låg 100+ sneipar på komfyren.

Erstattar bilete med triveleg PR frå lokalavisa:

Stønaden frå staten kjem ikkje lenger. No vil politikarane punga ut sjølve for to trivnadsvaktmeistrar på permanent basis.

POLITIKK SOSIALE TILHØVE 2023-05-14 17:00

Sigbjørn Linga FØLGJER

Ingen kritiske spørsmål vart stilte då formannskapet 10. mai drøfta framlegget om å gjera kostnaden varig. Tvert om rosa fleire folkevalde satsinga, som ifylgje rådmannen har vore ein suksess.

Hordaland Folkeblad omtalar prosjektet







# Etablering av flyktingar

75 FLYKTNINGAR BUSETTE I 2022

45 I 2023

45 PLANLAGT I 2024, 40 SÅ LANGT.

# Opplæring





# Bilete fjerna av omsyn til leigebuarar

På denne sida viste me bilete av fylgjande:

- Favorittvarebilen saman med ambulanse og politibil
- Ei daud mus i ei musefelle
- Ein låssylinder me har skifta
- Ein mørkebrun koketopp som ber preg av å ikkje ha vore vaska på svært lang tid (eigentleg kvit)
- Eit rom med haugar av posar, el-utstyr, matavfall, og andre uidentifiserbare gjenstandar. Golvet er ikkje synleg

Illustrerer variasjonen i arbeidsoppgåvene våre. Varierer frå å byte lås, til samarbeid med naudetatane, til rusk og rask.

Erstattar bilete med triveleg PR frå lokalavisa:

> Stønaden frå staten kjem ikkje lenger. No vil politikarane punga ut sjølve for to trivnadsvaktmeistrar på permanent basis.
>
> POLITIKK SOSIALE TILHØVE 2023-05-14 17:00
>
> Sigbjørn Linga FØLG
>
> Ingen kritiske spørsmål vart stilte då formannskapet 10. mai drøfta framlegget om å gjera kostnaden varig. Tvert om rosa fleire folkevalde satsinga, som ifylgje rådmannen har vore ein suksess.

Hordaland Folkeblad omtalar prosjektet

# Bilete fjerna av omsyn til leigebuarar

Bileta i denne delen av presentasjonen er fjerna, men viser ein bustad før og etter trivselsvaktmeistrane byrja å samarbeide med leigebuar.

Før: Seng var skiten, sengetøy var opprive og svært skite. Golv var svært skite.

Etter skippertak: Neste bilete viser ei oppreidd seng med reint sengetøy og reint golv.

Tiltak: Me kalla inn til eit samarbeidsmøte med andre tenester i kommunen, og fekk på plass jamnleg praktisk bistand (heimehjelp).

Ny kvardag: Siste bilete viser ei rein, uoppreidd seng. Illustrerer kor mykje betre det såg ut på ein vanleg dag med jamnleg praktisk bistand frå heimetenester i pleie og omsorg.

Erstattar bilete med triveleg PR frå lokalavisa:

Ho opplyser at vaktmeistrane har opparbeidd tillit og fått høve til å hjelpa personar som gjerne takka nei før, og sosialtenesta har fått ein lengd arm som sikrar sårbare grupper hjelp.



Hordaland Folkeblad siterer Rådmannen

Ottar Randa er styreleiar i Kvam Bustadstifting, som hyser fleire vanskelegstilte og har fått nyta godt av trivnadsvaktmeistrane. Han støttar satsinga, og vonar ikkje bustadstiftinga vil falla ut av ansvarsområdet sjølv om stillingane vert varige.

# Bilete fjerna av omsyn til leigebuarar

Erstattar bilete med triveleg PR frå lokalavisa:

Hordaland Folkeblad siterer Rådmannen

Før prosjektet var ad hoc-løysingar, uromeldingar, dårleg koordinering og dårleg oversyn nøkkelord i den kommunale drifta på feltet, vedgår rådmannen, som viser til at ansvaret for bustadsosialt arbeid ikkje er klart forankra i éi kommunal teneste. No slepp ein dobbeltarbeid og at oppgåver fell mellom fleire stolar. Og bustader i betre stand vert tekne betre vare på av brukarane, slår ho fast.

Etter leigebuar fekk regelmessig reinhald frå pleie og omsorg, observerte me at bustaden no heldt ein grei og verdig standard over tid. Kommunen heldt på med eit stort renoveringsarbeid i bustadane, og trivselsvaktmeistrane kunne anbefale at leigebuar no fekk tilbod om å flytte inn i ein nyrenovert bustad. Me var optimistiske sidan noverande bustad heldt eit adekvat nivå mtp reinhald og orden i over eitt år.

Dei siste bileta viser ny, flott bustad ved innflytting, og ny bustad nokre månader etter innflytting. Etter nokre månader ser ein eit par tallerkar på bordet, litt smular på disken, ellers heilt strøkent.

Etter lang tid, bur denne leigebuaren no i ein skikkeleg triveleg heim!

# Erfaringar så langt

Det er ikkje på våre premissar

Av og til må me snu og trekkje oss ut for å gje leigebuar tid

Det er IKKJE lett eller fort gjort

Leigebuarane må vere klare for endringar

Me må tole at me ikkje får ting til ved fyrste, andre, tredje forsøk

"Litt betre" er av og til det beste me kan håpe på




# Tre måloppnåingar

1. Betre livskvalitet for ein del leigebuarar
2. Bevisst tildeling av bustadar og godt dokumentert branntryggleik
3. Systematisk opplæring til flyktningar og andre som treng det

# Takk for oss!



# Til refleksjon



# Kva gjer du når kollegaen din er omsorgstrøytt?

Samarbeidspartnarar, bebuarar og pårørande har høge forventningar.

- Korleis er det å alltid vere den som skal omstille seg og tilpasse seg?
- Har du stort nok handlingsrom til å finne eigne løysingar?
- Er du bosbøtte for både tenestemottakarar og tenesteytarar?



# Ekstra slides










# Repetere informasjon

Infomappe

Bilete og korte forklaringar

Oversett til aktuelle språk



# Tre suksessfaktorar

1. Grundig, tverretatleg kartlegging av frustrasjonar og uavklarte oppgåver før oppstart
2. Jamnleg evaluering i prosjektgruppa, stor tillit til prosjektmedarbeidarar
3. Rekruttering – to stabile prosjektmedarbeidarar med frie tøyler



| | OPPSTART | ETABLERE | STABILISERE BUEVNE | EVALUERE BUEVNE | OPPHØYR |
|---|---|---|---|---|---|
| FDV |  |  |  |  |  |
| NAV |  |  |  |  |  |
| Flyktning |  |  |  |  |  |
| Rus og psykiatri |  |  |  |  |  |

# Avgrensing

- Prosjektet vil gjelde innbyggjarar som har oppfølging frå Nav og ROP.
- Det vil i første rekkje gjelde personar som bur i kommunale bustader, og personar med kommunal depositumsgaranti.
- Vanskelegstilte som har moglegheit til å kjøpe eigen bustad